



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 23.11.2017  
Vår ref.: 2014/11640-114  
Saksbehandlar: tortitt  
Dykkar ref.:

## **Kystpilegrimsleia. Anmodning om utbetaling av tilskott kr 500.000. Utfyllande kommentarar**

Det vert vist til vår utbetalingsanmodning datert 15.11.2017.

I søknad til RA, sendt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, vart det lagt til grunn følgjande økonomisk ramme:

Budsjettet for opningsmarkeringane har ei ramme på kr 800.000, fordelt på følgjande kostnader:

| <b>Kostnadstype</b> | <b>Sum</b>     | <b>Kostnad pr. arrangement</b> |
|---------------------|----------------|--------------------------------|
| Administrasjon      | 100.000        | (20.000 per arrangement)       |
| Båtleige            | 250.000        | (50.000 per arrangement)       |
| Annonsering         | 100.000        | (20.000 per arrangement)       |
| Mat/lokale          | 150.000        | (30.000 per arrangement)       |
| Kulturinnslag       | 150.000        | (30.000 per arrangement)       |
| Diverse             | 50.000         | (10.000 per arrangement)       |
| <b>SUM</b>          | <b>800.000</b> |                                |

Kostnadene vert delt på 5 regionale arrangement (eitt i kvar av fylka) med vekt på presentasjon av nøkkelstader og gjeldande delstrekning av Kystpilegrimsleia. Finansieringa er planlagt med følgjande finansiering:

|    |                        |            |
|----|------------------------|------------|
| a) | Riksantikvaren         | 500        |
| b) | Andre statlege tilskot |            |
| c) | Fylkeskommunar         | 250        |
| d) | Kommunar               | 50         |
| e) | Private midlar         |            |
| f) | Anna finansiering      |            |
|    | <b>SUM</b>             | <b>800</b> |

For kvar av dei 5 fylkeskommunane inneber dette at ein har kr 100.000 (statlege midlar) og ei eventuell løyving på kr 50.000, til saman kr 150.000 til fordeling i kvart fylke.

### Opningsmarkeringar på nøkkelstader

I val av stader for opningsmarkeringar, vart det lagt til grunn av stader som prosjektet hadde lagt inn som prioritet 1, vart valt ut. Dersom ein stad med prioritet 1 ikkje såg seg i stand til å ta på seg opningsarrangement, vert valet staden som lag som prioritet 2 i den fylkesvise prioriteringa,

Desse nøkkelstadene er no valt ut som arenaar for opningsmarkeringane av Kystpilegrimsleia:

- Stavanger, Utstein kloster og Avaldsnes
- Bergen og utvalde tilleggsstader
- Kinn og Selja
- Smøla - hovudmarkering
- Ørlandet og Trondheim

### Aktørane

Riksantikvaren er tilskottsgjevar og er representert i styringsgruppe og prosjektgruppe.

Fylkeskommunane er representert i styringsgruppe og prosjektgruppe og vil fordele tilskottsmidlar og koordinere opningsaktivitetane.

*Oversyn over dei viktigaste lokale aktørane i opningsmarkeringane:*

| Type                     | Funksjon  |
|--------------------------|---|
| Kommunane                | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lokal forankring.</li> <li>- «Koplingsboks» mellom fylka og lokale arrangørar</li> <li>- Planlegging</li> <li>- Eventuell medfinansiering</li> </ul> |
| Bispedømme/kyrkjer       | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Regulere opningstider i kyrkjene</li> <li>- Administrere pilegrimspass</li> <li>- Pilegrimsliturgi</li> </ul>  |
| Kystlag/Forbundet Kysten | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kystlaga disponerer viktige maritime ressursar</li> </ul>  |
| Kulturinstitusjonar      | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktige formidlingsarenaer</li> </ul>  |

### *Bispedømme/kyrkjene*

6. og 7. juni 2017 kom partane saman for å utvikle innhald og planlegge «Den indre reisa» i Kystpilegrimsleia. Det vart presentert ein ide om å utvikle ein raud tråd i valet av bibelske tekstar som nyttast langs leia – ein traud som vart kalla "levd liv". Samla sett vert dette kalla «pilegrimsliturgi» som tilbod til reisande i Kystpilegrimsleia.

I tillegg har det vore utarbeidd Fylkesvis oversikt over kyrkjelege stoppestader i Kystpilegrimsleia som legg til grunn ei vandring frå sør til nord og som bind saman kyrkjer og nøkkelstader/nøkkelområder.

### *Kystlag/Intensjonsavtale med Forbundet Kysten*

Forbundet Kysten organiserer lokale lag i heile det geografiske området Kystpilegrimsleia femnar om, og er ein vesentleg ressurs i høve frivillig innsats og fartøyvern. Forbundet har også fremja eit eige prosjekt, Kystleden, som i føremål og innhald høver godt innan ramma til Kystpilegrimsleia.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har, på vegne av prosjekteigarane (fylka og bispedømme), inngått ein intensjonsavtale med Forbundet KYSTEN om samarbeid kring opningsmarkeringane.

På prosjektgruppemøte i Bergen 21.11.2017, vart vi presentert for ein ide om ein samanhengande seglas som bind opningsmarkeringane saman frå sør til nord. Opplegget som vart presentert, har ei økonomisk ramme på kr 250.000, som er innanfor budsjett.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune